

Å klippe seg ei tekstleg overlevingsdrakt



for å overleve treng kvar og ein å lage seg historier omkring sitt eige liv, historier som gir meiningsløysa mening. Elles vil ein knapt halde ut tilveret. Heldigvis er folk flest rimeleg flinke til å snu og vende på hendingane i livet sitt, eller røyndommen, slik at sjølvbiletta blir tilstrekkeleg verna. Om det ikkje blir for mykje av det, er denne utbreidde private historieskrivinga ei sunn form for folkedikting. At mykje av det blir formidla og festar seg som sanning, er det lite og ingenting å gjere med.

Eg har vanskar med «sanningane», ikkje minst mine egne. Og dei sanningane som eg finn, er så generelle at det er lita hjelp i dei, anna enn som mager trøyst. Følgjeleg har eg vanskar med å lage meg beskyttande historier og halde fast ved dei. Slik blir eg ein sjølvplagar av dei store som dagstøtt endevender det som skjer og det som har skjedd, og aldri finn det, i alle fall berre for ei stutt stund. Min skrekk er tilfeldigvis å vere i nærleiken når eit brotsverk skjer, eg ville etter kort tids politiafhøyr erklære meg skuldig eller i det minste ikkje vere sikker på at eg var uskuldig.

Pessimistisk som eg er med omsyn til sanning og formidling, er det ulogisk at eg skriv. Eg burde heller leggje meg ned og visne medan eg venta på hausten. Men det ligg ikkje for meg, det er ikkje mitt temperament. Jamvel etter at eg har gitt opp alt håp, greier eg ikkje gi opp alt håp.

Eit alternativ til den private historieskrivinga er for meg å skrive litterært. Her lagar eg meg vernande historier, avgrensa verder som eg kan godta, tendensar til forståing. Skjøre strukturar, kan ein seie, som spindellevv å halde seg fast i, likevel til ein

viss grad haldbare. Men eg vil ha avstand til dei litterære sanningane og strukturane. Eg vil ikkje ha teksten for nær innpå meg. Eg vil ha han der som ein film, registrert, ukommentert, men redigert og såleis likevel kommentert. Slik blir han på eit vis sann, ei historie til å leve med. Slik kan ein klippe seg ei tekstleg overlevingsdrakt.

Ingen tekst er utan skrivar, og ein må tore å høyre lyden av si eiga stemme. Ein må våge å risikere noko, vere sårbar utan å stille seg ut, stå fram medan ein dreg seg tilbake, balansere mellom avstand og nærleik, mellom kaos og orden. Sjølv sagt er det eit farleg område, og eit område det er vanskeleg å vere i. Ein må likevel våge seg såpass langt inn i dødsriket. Så får ein sjå om ein kjem ut igjen. Kva som enn skjer, kan ein trøyste seg med at det er ei interessant erfaring.

Som skrivar er eg eit bortvendt andlet som syner seg fram. I det ligg noko dobbelt. Ein treng ikkje vere sky, men har valt sin posisjon. Ein syner fram eit stoff som ligg utanom ein sjølv. Likevel er dette stoffet i aller høgste grad utgått frå ein sjølv, skrive ut frå eigne røynsler og val. Ikkje alt her i verda kan flyktast frå, men har ein innsyn og kunnskap nok, kan ein velje kva ein viser fram.

I alle høve er det ein formidlingsposisjon, og det er klokt å vere klar over kva ein formidlar, jamvel om det vesentlege for ein er at teksten er velskriven. Ungane i bøkene mine er stort sett både sterke og såre. Dei har det ikkje greitt, men greier seg. Jamvel om dei er einsame, er dei handlekraftige. Dei vaksne er ikkje vonde, men opptekne med eigne ting og ikkje til å rekne med. Men der er unntak. Der er oftast ein vaksen som kan bety noko for barnet, om berre litt. Og litt er ofte nok for å overleve.

Synet mitt på menneske er ikkje romantisk, såleis heller ikkje synet mitt på barn. Barn er ikkje englar. Dei prøver å få det som dei vil, dei òg. Kor langt dei er villige til å gå, varierer, som for vaksne. Barn er like ulike som folk i andre aldrar. Men sjølv sagt er dei utleverte til dei vaksne.

Dette er realistisk og ikkje spesielt optimistisk. Ikkje alle liker at slikt blir bode fram til barn. Vik unna, stod det i ei bokmelding om ei av bøkene mine. Eg trur ikkje det er farleg. Tvert

om trur eg at det er naudsynt å vite om det vonde, dei negative kreftene både hos seg sjølv og hos andre. Det er dei som er ukjende med sin eigen faenskap som er dei farlegaste menneska å kome ut for. Tilnærma alle er vi potensielle bødlar. Kvar grensa går for den einskilde, veit vi ikkje. Å vite det er vanlegvis heller ikkje ønskeleg. Men vi treng å kjenne oss sjølve, vi treng å kjenne potensialet vårt.

I barnebøkene mine er det mykje stille liding. Å skrive om det som er vondt, er ikkje uforvarleg framferd. Det tilsynelatande nedbrytande kan i bøkene fungere oppbyggjande. Lidinga er lettare å bere når ho ikkje er heilt formlaus. Til og med ei enkel gjenkjenning kan gjere det lettare å halde ut livet.

Men det burde vere mykje meir positivt i bøkene mine. Der er altfor lite positivt, og det som er positivt, er ikkje stort større enn at postfunksjonæren seier hei når du kjem på postkontoret for å kjøpe frimerke. Truleg held det. Det er mogleg å leve.

Når eg er på reise, er det alltid ein kjentmann som hjelper meg over grensestasjonane der ingen snakkar mine språk.